

FJORDINGEN**Sentralbord 57 87 45 00**
Tips oss! 40 40 21 40Fjordingen kjem ut tysdag og fredag
Ope mån. - fre. 8.30 - 15.30Adresse: P.b. 248, 6781 Stryn
Besøksadresse: Myrane 7, StrynAnnonse- og abonnementsprisar
sjå www.fjordingen.no
eller ring oss på 57 87 45 00**REDAKSJON**
redaksjon@fjordingen.noAnsvarleg redaktør/
dagleg leiar
Bengt Flaten
Telefon 90 20 12 30
bengt.flaten@fjordingen.noRedaksjonssjef
Thomas Thaulé
Telefon 91 84 87 97
thomas.thaule@fjordingen.noJournalist Roy Aron Myklebust
Telefon 90 58 14 78
roy.aron.myklebust@fjordingen.noJournalist Roger Oldeide
Telefon 98 24 46 35
roger.oldeide@fjordingen.noJournalist Gunnhild Sindre
Telefon 90 05 59 56
gunnhild.sindre@fjordingen.noJournalist Sigrid Heggstad
Telefon 95 93 71 50
sigrid.heggstad@fjordingen.no**MARKNADSAVDELING**
annonse@fjordingen.noMarknadssjef
Ove André Aarskog
Telefon 91 86 20 02
ove.andre.aarskog@fjordingen.noMarknadskonsulent
Elisabet Sandbakk Lunde
Telefon 48 15 71 69**ABONNEMENT**
abonnement@fjordingen.no**P** PRESSENS
FAGLIGE UTVALGFjordingen vil rette seg etter reglane
for god presseskikk, slik dei er nedfelte
i pressa sin «Ver Varsam»-plakat. Den
som meiner seg råka av urettmessig
avisomtale, vert beden om å kontakte
redaktøren.Det er også høve å reise klage for
Pressens Faglige Utvalg,
Rådhusgt. 17, postboks 46,
Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40**Bengt Flaten**
Ansvarleg redaktør
og dagleg leiar**LEIAR**

Singerheimen

Singerheimen i Olden er sett i spel. Stiftinga Singerheimen har ikkje kapasitet eller midlar til å halde drifta i gang inneverande sommar, og har varsla at Singerheimen skal halde stengt.**Samtidig er det** innhenta takst på egedomen. Med utgangspunkt i ein takst på tre millionar kroner, seier styreleiar for stiftinga Singerheimen, Åsne Folstad, at bygget kan bli lagt ut for sal.**Bodskapen om at Singerheimen** kan bli seld på den opne marknaden er blitt motteken med vantru hos mange. Fordi Singerheimen er så mykje meir enn eit tal bygningar med behov for utbetringar. Singerheimen er ein kulturinstitusjon full av verdifull historie om ein mann og eit ektepar som dreiv lokal og regional samfunnsbygging i stor skala. Samtidig er det ein eigedom innehal-dande mykje flott kunst laga av William Singer sjølv. Det amerikanske ekteparet kom til Olden i 1913 og likte seg så godt at dei valde å slå seg ned i bygda. Dei bygde først atelier, deretter hus og andre bygningar i tida etter første verds-krigen, og engasjerte seg stort i lokalsamfunnet.**Takka vere dei** store midlane William Singer fekk gjennom å arve ei stor formue frå stålfirmat Singer Nimick & Co i USA, kunne han og kona Anna gå inn med stort engasjement og betydelege midlar til bygging både av vegen Olden-Innvik og Nordfjord sjukehus. Singer gav og støtte til bygging av ungdomshuset i Olden og Firda Gymnas.**William Singer døydde** i 1943 og kona Anna i 1962. Singerheimen vart testamentert til Nordfjord sjukehus, og egedomen med inventar og store kunstsakkar vart samla i Stiftinga Singerheimen. Det spesielle er og at ekteparet Singer er gravlagde på egedomen. Dei kviler i eit eige mausoleum ved sidan av atelieret på egedomen.**Onsdag kjem Riksantikvaren** til Olden for synfaring ved Singerheimen. Eitt tema der vil vere om ein skal gå inn i ein prosess for å frede bygget. Freding kombinert med drift i offentleg regi bør stå på dagsorden. Gjerne i form av eit museum der ein og kan vidareføre drift med overnatting, kurs og selskap i kontrollerte former. Singerheimen kan ikkje seljast på den opne marknaden. Det vil vere stikk i strid med alle intensjonar bak arven og opprettinga av stiftinga Singerheimen.

●● Bodskapen om at Singerheimen kan bli seld på den opne marknaden er blitt motteken med vantru hos mange

Fredagspraten: – Lite som slår ei fin sommarhelg i Utvik

Namn: Roger Sevrin
Bruland

Alder: 41

Jobb: Utanriksreporter i
NRK, tek over som Berlin-
korrespondent til hausten.

Kjem frå: Utvik

Bur no: Bucuresti

**Kva opptek Roger Sevrin Bru-
land for tida?**Eg og Steinar Hilde i Filmdigitali-
sering held på å lage ein liten
bygdefilm for Utvikdagane der vi
gjer eit tilbakeblikk på den dra-
matiske flaumen i Utvik.**Kvifor flytta du frå Stryn?**Eg flytta for å studere. Så då
gjekk turen til Bergen, Aberdeen
og Kairo.**Kva skal til for at du flyttar
heim?**Kanskje viss eg blir tilbydd jobb
som redaktør i Fjordingen? Eg er
for så vidt mykje heime når eg
har fri.**Les du Fjordingen?**

Sjølvsagt, det er ei topp avis.

**Er det noko lokalavisa gjerne
kan skrive meir om?**Eg er som alle andre vikarar in-
teressert i stoff frå Vikane, men
det er ein liten kommune så alt
stoff er interessant.**Kva ville du gjort om du var
ordførar i Stryn for ein dag?**Då hadde eg funne ein skikkeleg
kul venskapskommune ein stad i
Europa og teke kommunestyret
med på tur, det hadde sikkert
enda med ein solid budsjett-
sprekk, men løje hadde det no
vore.**Har du eit godt ferietips?**For gode opplevingar kan eg an-
befale Romania, dei har strand,
fjell og mange slott og kyrkjer
det er verdt å besøke. Eg skal
vere guide for nokre kollegaer i
Dagsrevyen i mai, det blir stas.
For ein upretensjøs helgetur er
Beograd ein fantastisk by som
mange har byrja oppdage. For**FREDAGSPRATEN:** For Roger Sevrin Bruland er det lite som slår ei fin sommarhelg i Utvik. FOTO: PRIVATgod mat og drikke er Slovenia og
Makedonia stader der ein verke-
leg kan nyte gode råvarer. I Slo-
venia er det Michelin-standard, i
Makedonia trur eg det jobbar ei
bestemor på kvar ein restaurant,
så det er solid bondekost.**Kva ville du vist fram i Nord-
fjord til gode vener?**Det har eg gjort mange gongar,
då må vi ein tur på Bruland-
støylen, så er det Lodalen, Skåla,
Hoven og spa på Alex. Vi har
utrulleg mykje fint å vise fram i
kommunen.**Kva et du helst til frukost?**Nysteikt brød med bringebær-
sylte frå garden i Utvik.**Trenar du, i tilfelle kva?**Det varierer, eg får mykje trim i
jobben når eg er ute på oppdrag.
Artigaste treningane eg er på er
old boys fotball med dei gamle
heltane frå Vikane IL, dei som
brakte å slå Stryn i gamle dagar.
Sjølv om eg aldri har vore fot-
ballspelar får eg vere med. Men
det har blitt alt for sjeldan dei
siste åra.**Kva ser du helst på TV?**Dagsrevyen er ein favoritt, spesi-
elt Søndagsrevyen med gode re-
portasjar. Så er Netflix ein farleg
tidstjuv – no såg eg siste sesong
av The Americans – det er ein
frykteleg god serie, og sjølv om
det er TV-drama gjev det eit slags
innblikk i dei meir urovekkjande
aspekta ved internasjonal poli-
tikk.**Kva er ditt forhold til sosiale
media (Facebook, Instagram,
Snapchat ...)?**Det er utrulleg viktige plattfor-
mer for å nå ut til dei unge med
viktige nyheitssaker. Og nyttige
verktøy for å halde seg oppda-
tert på det som skjer i verda.**Korleis ser ei perfekt helg ut
for deg?**Det er lite som slår ei fin som-
marhelg i Utvik.**Kven får di helsing gjennom
lokalavisa?**Helser til familie og vener i Ut-
vik, Innvik og lenger inn i fjor-
den.**THOMAS THAULE**
thomas.thaule@fjordingen.no